

ÅL KOMMUNE REGLAR FOR KOMMUNALT TILSKOT TIL 1.GONGS BYGGING ELLER KJØP AV BUSTAD

Vedtatt av kommunestyret 25.5.2023.

1. Ål kommune gir frå 20.4.2023 tilskot til 1. gongsetablerar som ønsker å kjøpe/bygge bustad i Ål kommune. Tilskotet pr bustad er kr 300 000 med 6 års bindingstid.

2. Vilkår for å få tilskot

a) Tilskotet blir gitt til førstegangs etablerar mellom 18 og 40 år, til og med det kalenderåret søkjaren fyller 40 år.

b) Søklar(ane) skal stå som eigar(ar) av bustaden.

c) Den/Dei som mottok tilskotet må busette seg i bustaden. Viss bustaden blir solgt eller fråflytta innan bindingstida på 6 år etter dato for mottak av tilskot, må tilskotet tilbakebetalast. Det skal underteiknast ei erklæring, som skal tinglysast, om at heile tilskotet skal tilbakebetalast med tillegg av 5 % rente p.a. frå utbetaling, dersom bustaden ikkje vert nytta som heilårsbustad av søklar. Førstegongs etablerar som kjøper ny bustad i Ål innan bindingstida (6 år) beheld tilskotet og resterande bindingstid vert overført til den nye bustaden.

d) Tilskotet blir gitt uavhengig av tidlegare etableringar i andre kommuner.

e) Tilskotet er eit eingongstilskot for både einslege og par. Ved eit evt. brot i parforhold, vil det ikkje bli gitt eit nytt tilskot ved ny etablering dersom dei som søker har vore i parforhold og fått tilskot tidlegare. Det vert berre gitt eitt tilskot pr. bustad sjølv om fleire av søklarane tilfredsstiller krava.

f) Tilskotet blir gitt uavhengig av bustadens storleik.

g) Bruksløyve for ny bustad må vere gitt etter 20.4.2023. Kjøpekontrakta/skøytet på ny og brukt bustad må vere tinglyst etter 20.4.2023.

h) Bustaden må nyttast som heilårsbustad. Tilskotet blir ikkje gitt til fritidshus.

3. Søknad

Søknad om tilskot skal vere skriftleg og skal stilast til kommunen. Opplysningane i søknaden må vere relevante i høve til fastsette vilkår for å få tilskot. Ingen søknadsfrist. Søklar(ar) må underskrive på at vilkåra for å få tilskot vert aksepterte.

Søklarar som oppfyller vilkåra vil få eit tidsavgrensa tilsegn om tilskot som gjeld for 6 månadar. Det er mogleg å fornye tilsegnet viss det er att pengar og søklar enno ikkje har funne rett bustad.

4. Utbetalingstidspunkt

Utbetaling av tilskotet for nye bustader, skjer tidlegast etter at bruksløyve er gitt. Utbetaling av tilskot for brukte eller kjøpte bustader skjer etter at skøytet er tinglyst.